



Juleverkstader og andre førjulsprogram er populære.(Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.)

**Tidleg i desember vert det på nytt førjulsprogram på Bygdetunet Rød. Det er eit tilbod til alle 2. klassane i kommunen og 4. og 5 desember får nær på 100 elevar ta del i det dramapedagogiske opplegget Jul i gamle dagar i Uskedalen.**

Til Uskedalen kjem det klassar frå desse skulane: Undarheim, Valen, Uskedalen, Skarveland, Bringedalsbygda og Sunde.

Det er Sunnhordland museum som er ansvarlege for gjennomføringa.

Det var undervisningsleiar Tutta Laukholm som i si tid hadde ideen til Jul i gamle dagar. Seinare er innhaldet endra noko, men tiltaket med drama og roller er det same.

Halsnøy Kloster og Nistovetunet i Omvikedalen vert og nytta som arena i Kvinnherad.

Tekst: Kristian Olav Bringedal